

Jostedalen treng ikkje meir kraftutbygging!

Jostedalen er ein eineståande dal, og det pregar også dei som bur der for den saks skuld. Her er nesten alt som finst av flott vestlandsnatur frå breie og smale dalbotnar, varme og frodige, og så bratte skogslir og blinkande elvar, fossar og vatn og bak og over dei den kalde, men skinande Jostedalsbreen med namnet sitt frå dalen. Dette er norsk natur på sitt beste og som har stor appell til mange, både norske og folk frå andre nasjonar, og kanskje særleg dei som er opptekne av og glade i friluftsliv av ymse slag.

Denne eineståande dalen og naturen der er no truga av storstilte planar om kraftutbygging, som faktisk den norske staten står bak gjennom Statkraft. Dette er ikkje berre «småtteri» og ei mindre småkraftutbygging, men som mange veit ei overføring av og nærast tørrlegging av den nedre delen av 8 elvar på vestsida av Jostedalen og som at ikkje dette skulle vere nok, også ei småkraftutbygging i elva Vigdøla i den nedre delen av den kjende sidedalen Vigdalen. Dette er då planlagt i ein dal som

også tidlegare har hatt mykje kraftutbygging med store inngrep i naturen gjennom Leirdølautbygginga og den store Jostedalsutbygginga på austsida av dalen i 1980-åra.

Det er mogeleg at ei slik kraftutbygging vil gje ganske store inntekter både til grunneigarar, Jostedalssamfunnet og kommunen Luster. Ingen må likevel tru at eit så stort inngrep i vassdraga i dalen ikkje vil få konsekvensar for naturen, friluftslivet og ikkje minst den turistnæringa som er bygd opp i Jostedalen gjennom m.a. breførrelag, bresenter og servicenæringa. Dette er ei næring som er avhengig av å presentere ein mest mogeleg urørt natur for «gjestene» sine, og kva er norsk natur utan rennande elvar, vakre fossar, i det heile det ein kallar vassdragsnatur.

Dersom desse planane til Statkraft i Jostedalen vert gjennomførte, vil nok livet gå vidare i dalen. Jostedalen vil likevel ikkje vere den same, og noko viktig vil ha gått tapt trass i dei kronene som ein kan få inn i

pengepungen. Jostedalen vil då ha ganske få elvar igjen som er urørte av kraftutbygging, med dei konsekvensane eit slikt inngrep alltid vil ha. Mange jostedølar har også forstått dette og er mot eller skeptiske til dette Statkraftprosjektet. Det er også å vone at kommunestyret, som snart skal handsame saka, vil ta innvendingane mot prosjektet alvorleg og i alle fall gå mot planane slik dei no ligg føre. Nokre mindre småkraftutbyggingar i nokre av elvane kan då kanskje vere eit mogeleg kompromiss.

Jon Farestveit
Naturvernforbundet i Sogn
og Fjordane



NOK ER NOK:
Dette er norsk natur på sitt beste, og må bevarast, meiner Jon Farestveit om Jostedalen. (Illustrasjonsfoto vestsidelvane)

Innhogg til utrykt avis